



LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

Larry Gunnar Ophaug
Fagervollen 1
5956 Vågseidet

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
Delegert sak	2008/778 - 8498/2008	Angelica Fefilova - 56375637	56/133	11.04.2008

Godkjent melding om tiltak - gbnr 56/133 Hundvin - tilbygg til garasje og terrasse.

Vi viser til Dykkar melding om tiltak etter Pbl §86a, motteken den 09.04.2008. Meldinga omfattar oppføring av tilbygg til garasje og terrasse, med BRA på 34,78 m².

Til meldinga er vedlagt:

- Dokumentasjon for varsling av naboar i samsvar med Pbl §94.3.
- Situasjonsplan og teikningar.

Brann / Lyd

Skiljekonstruksjon mot annan bueining/brukseining må utførast i samsvar med byggeforskriftene sine krav til brannvern og lyd (TEK).

Gebyr.

SAK§23b, set ein sakshandsamingsfrist for meldingssaker på 3 veker.

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ pkt. C.3.1. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.1. Meldingspliktige tiltak (Pbl§93)	
Sak som krev oppdatering av off. kart eller register	5.200
SUM	5.200

Konklusjon.

Kommunen har i samsvar med plan- og bygningslova § 86a ingen merknader til meldinga. Byggearbeida kan verte sett i gang. Følgjande vilkår vert sett:

1. Den del av tiltaket som ligger innafør avstandskravet m.o.t. brann, må verte bygd samsvar med byggeforskriftene sine krav med omsyn til brannspreiing (TEK).
2. Tiltaket må byggast slik at evt. reparasjon av offentlege fellesleidningar ikkje vert hindra.

Elles vert det opplyst om følgjande:


- Vi vil gjera Dykk merksam på at De som tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, jf. Pbl. § 77.1.

- Dersom tiltaket ikkje vert sett i gang innan 3 år etter at meldinga vart motteken av kommunen, eller at tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 96.
- Som tiltakshavar må De melda frå til kommunen når arbeidet vert starta opp og når det vert avslutta. De kan sende oss ei tilbakemelding pr brev eller e-post til postmottak@lindas.kommune.no

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing


Tor Hegle
fagleiar byggesak

Angelica Fefilova
Angelica Fefilova
sakshandsamar

Kopi til:

- VVA, teknisk drift, her.

